



# Årdal kommune

## Kommunestyret

### MØTEPROTOKOLL

**Møtedato:** 12.02.2026

**Møtetid:** Kl. 12:00 - 15:30

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Saksnr.:** 001/26 – 011/26

| <b>Følgjande medlem møtte</b> | <b>Parti</b> |
|-------------------------------|--------------|
| Anita Hagen Lægreid           | AP           |
| Anne Kauppi                   | AP           |
| Bodil Helen Selland Nordnes   | AP           |
| Christian Sønstlien           | AP           |
| Geir Kjetil Øvstetun          | AP           |
| Ingvill Eldegard              | AP           |
| Jan Inge Buene                | AP           |
| Jasmin Eminovic               | AP           |
| Kari Bjørg Måren              | AP           |
| Kirsti Eklund                 | AP           |
| Line Hillestad                | AP           |
| Marie-Helene H. Brandsdal     | AP           |
| Rune Blikken                  | AP           |
| Siv Aspeseter                 | AP           |
| Tor Erik Sveen                | AP           |
| Bjørn Thomas Haugen           | H            |
| Jarle Magne Teigen            | H            |
| Knut Arne Klingenberg         | H            |
| Vidar Lerum                   | H            |

| <b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b> | <b>Parti</b> | <b>Følgjande varamedlem møtte</b> | <b>Parti</b> |
|------------------------------------------|--------------|-----------------------------------|--------------|
| Trond Akre                               | H            | Arne Blomstrand                   | H            |
| Trude Gjermo                             | H            | Yamilys Krossøy                   | H            |

| <b>Sak nr.</b> | <b>Ugild</b>              | <b>Følgjande varamedlem møtte</b> |
|----------------|---------------------------|-----------------------------------|
| 011/26         | Marie-Helene H. Brandsdal | Glenn Morten Hestetun, AP         |

|                       |                                                                        |
|-----------------------|------------------------------------------------------------------------|
| <b>Møteleiar:</b>     | Ordførar Christian Sønstlien, frå sak 008/26 varaordførar Anne Kauppi. |
| <b>Frå adm. møte:</b> | Kommunedirektør Mette Hestetun Berg                                    |

**Merknader:**

Ordførar ber om permisjon etter sak 008/26 *Reglement for administrasjonsutvalet i Årdal kommune* og resten av møtet grunna forhandlingar om ÅB Eigedom AS.

Samrøystes.

Varaordførar overtek som møteleiar.

Kommunestyret var 20 representantar i handsaming av sak 008/26 – 010/26.

## **Sakliste**

| <b>Sak nr</b> | <b>Sakstittel</b>                                                  |
|---------------|--------------------------------------------------------------------|
| PS-001/26     | Konstituering av møte                                              |
| PS-002/26     | Orienteringar                                                      |
| PS-003/26     | Referat- og drøftingssaker                                         |
| PS-004/26     | Busetjing av flyktningar 2026                                      |
| PS-005/26     | Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026    |
| PS-006/26     | Landbruksplan ÅLA 2026-2029 – godkjenning av revidert plan         |
| PS-007/26     | Ombygging- riving Rådhus II                                        |
| PS-008/26     | Reglement for Administrasjonsutvalet i Årdal kommune               |
| PS-009/26     | Suppleringsval - styre i Årdal Energi Holding AS                   |
| PS-010/26     | KS debatthefte 2026, Tid for taktskifte - uttale frå Årdal kommune |
| PS-011/26     | Interpellasjon - vertskommuneavtale barnevern                      |

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 001/26  | Kommunestyret | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/224 -  
Ugyldig flettefelt

### Konstituering av møte

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal godkjenne møteprotokollen i lag med møteleiar

### 12.02.2026 Kommunestyret

Ingen merknad til innkalling.

Ordførar har motteke ein interpellasjon og ber kommunestyret ta denne opp til handsaming først.

Røysting.

Samrøystes.

#### Interpellasjon:

Ordførar lesar opp interpellasjonen etter ynskje frå representant Line Hillestad, AP (interpellasjon eigar).

Marie Helen Hollevik Brandsdal, AP ber om vurdering av habilitet grunna familiert forhold til tilsett i barnevernet.

Representanten vert vurdert inhabil jf. forvaltningsloven § 6 andre ledd.

Samrøystes.

Vara Glenn Morten Hestetun, AP deltok i vidare handsaming.

Framlegg om å sette interpellasjon opp på saklista.

Røysting.

Samrøystes.

Knut Arne Klingenberg, H og Marie Helen Hollevik Brandsdal, AP skal signere møteprotokollen i lag med ordfører Christian Sønstlien.

**KST - 001/26 Vedtak**

Innkallinga godkjent utan merknad. Sakliste godkjent med ny sak 011/26 Interpellasjon - vertskommuneavtale barnevern.

Knut Arne Klingenberg (H) og Marie Helene Hollevik Brandsdal (AP) godkjenner og signerer møteprotokoll i lag med ordfører.

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 002/26  | Kommunestyret | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/224 -  
Ugyldig flettefelt

### Orienteringar

Orientering frå eksterne:

1. Framtidshavet\_Rein Sognefjord
2. Løypemelding frå Sogn friluftsråd

Ordførar:

1. Lærdal sjukehus og vedtak i styret i Helse Førde
2. Møte i Sogn regionråd

Kommunedirektøren:

1. Sogn KO - NAV samarbeid

#### Tilråding:

Orienteringane vert tekne til vitande.

#### 12.02.2026 Kommunestyret

Orienteringar frå Rein\_Sognefjord og Sogn Friluftsråd

- Orientering frå ordførar:
  - Lærdal sjukehus, Helse Førde og vegen vidare
  - Oppsummering frå møte i Sogn Regionråd
- Orientering frå kommunedirektør:
  - Vertskommunesamarbeid NAV. 5 av 6 kommunar held fram med denne saka som tidlegare vedteke.

#### KST - 002/26 Vedtak

Orienteringane vert tekne til vitande.

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 003/26  | Kommunestyret | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/224 -  
Ugyldig flettefelt

### Referat- og drøftingssaker

#### Referatsaker

Det er meldt opp høyringssvar som er sendt frå administrasjon og ordførar grunna korte fristar.

#### Drøftingssak:

*NOHA - for dyrs rettigheter* har sendt inn spørsmål knytt til fyrverkeri som vert lagt fram for kommunestyret til drøfting.

#### Dokument i saka:

| Saksnr. | Tittel                                                                                                                      |
|---------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|         | Høyringssvar – Forslag om reduksjon av nedre grense for grunnrenteskatt og naturressursskatt for vasskraftverk              |
|         | Høyringssvar frå Årdal kommune – forslag til ny postlov                                                                     |
|         | Vedrørande høyringssvar - Høyringssvar til Miljødirektoratet - Mellomlagring av forureina massar i Saltviki - Årdal kommune |
|         | Svar på høyring - Fjorddeponi i samband med utbetring av Nysetelvi i Årdal kommune                                          |
|         | Krav frå Årdal kommune om ekstraordinært uttak av jerv                                                                      |
|         | Spørsmål om fyrverkeri i Årdal kommune                                                                                      |

#### 12.02.2026 Kommunestyret

#### KST - 003/26 Vedtak

Referat- og drøftingssak vart tekne til vitande.

| Saksnr. | Utval             | Møtedato   |
|---------|-------------------|------------|
| 003/26  | Utval for Levekår | 29.01.2026 |
| 005/26  | Formannskapet     | 05.02.2026 |
| 004/26  | Kommunestyret     | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Mette Hestetun Berg

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 24/57 -  
Ugyldig flettefelt

### Busetjing av flyktningar 2026

#### Saka gjeld

Årdal kommune har motteke oppmoding frå IMDI om busetjing av 20 flyktningar i 2026. Frist for tilbakemelding på anmodninga er sett til 10. februar 2026.

#### Bakgrunn

Behovet for busetjing er fortsatt monaleg. Krigen i Ukraina pågår enno og ein ser igjen at prognosane for ankomst til Noreg held seg/aukar framover. Det er denne auka som er lagt til grunn for IMDI sine tal om busetjing i kommunane.

Kommunen har dei siste fire åra busett 130 flyktningar ved ordinær busetting, sjå tabell under. I tillegg kjem fødde, familiesameining og personar med flyktningbakgrunn som flyttar til kommunen for jobb eller familie.

Med ei uroleg verd har det vore eit stort behov for å busetje flyktningar raskt i kommunane, særleg gjeld dette flyktningar frå Ukraina, men kommunen har også busett flyktningar frå andre krigsråka deler av verda.

Tal busette flyktningar har dei siste åra lagt eit press på kommunen sine tenester. Dette gjeld særleg oppvekst og helse, samt tenester direkte knytt til busetjing og oppfølging av flyktningar. I tillegg ser me eit særleg press i ein frå før krevjande arbeidsmarknad. Dette er svært krevjande i ein kommune som opplever ein pressa kommuneøkonomi slik Årdal gjer.

#### Tal busette flykningar dei siste fire åra.

| 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|------|------|------|------|
| 37   | 55   | 23   | 15   |

**I 2025 har kommunen totalt fått integreringstilskot for 119 personar.**

Av dei 119 er 72 i arbeidsfør alder:

- Av desse:
- Flytta: 12
- Introduksjonsprogram: 11
- Ekstra norskopplæring: 7
- Utdanning: 2
- Arbeid: 16
- Aktivitet gjennom NAV(arbeidstrening osv): 11
- Ingen aktivitet: 13 (helse, ventar på praksis)

**I 2025 blei det busett 15 stk.;**

- 4 barn
- 1 eldre
- 10 vaksne.

**Drøfting**

Kommunen har i samband med IMDI si oppmoding kartlagt kapasitet ute i tenestene for mogleg busetjing av flyktningar i 2026. Kartlegginga gav tilbakemeldingar frå følgjande tenester;

- **Barnehagar**  
Har kapasitet til å ta i mot fleire barn, men bemanningssituasjonen er generelt pressa.
- **Skular**  
Krevjande situasjon. Skulane erfarer ein auke i tal elevar med faglege utfordringar, samt helse- og åtferdsutfordringar. Krevjande å legge til rette for dette i høve dei økonomiske vilkåra skulane er tildelt.
- **Vaksenopplæringa**  
Har kapasitet til å ta imot fleire flyktningar.
- **Helsestasjon**  
Har auka ressursbruk til kartlegging av born sin vaksinasjonshistorikk, samt foreldrerettleiing og samarbeid rundt barn med helse- og åtferdsmessige utfordringar.
- **Legetenesta**  
Krevjande situasjon i høve fastlege for nye innbyggjarar.
- **Flyktningetenesta**  
Har kapasitet til å ta i mot det tal flyktningar som er tilrådd.
- **Bustadar**  
Kommunen nyttar eigne kommunale bustadar til busetjing men har og i stor grad nytta seg av privat innkvartering dei seinare åra. Ein vurderer at ein vil kunne busette

det tal flyktningar som er tilrådd i saka.

- **Arbeidsmarknad**

Det har vore ein krevjande arbeidsmarknad i kommunen den siste tida. Det er kun eit fåtal av dei flyktningane som er kommen dei siste åra som er i arbeid. Noko av dette skuldast ein vanskeleg arbeidsmarknad. Flyktningtenesta vurderer at situasjonen med språkpraksisplass har blitt lettare frå slutten av 2025.

## **Økonomi**

Flyktningarbeidet i kommunen blir i hovudsak finansiert gjennom statlege tilskot som blir tildelte via Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Tilskotsordningane skal dekkje ein vesentleg del av kommunen sine meirutgifter ved busetjing og integrering av flyktningar, men gir ikkje full kostnadsdekning.

## **Integreringstilskot**

Integreringstilskotet skal bidra til:

- rask og treffsikker busetjing
- god kvalitet i kvalifiserings- og integreringstiltaka
- overgang til arbeid og utdanning
- delvis dekning av meirutgifter dei fem første åra

Tilskotet skal finansiere kommunale tiltak knytte til:

- innvandar- og flyktningtenesta
- bustadadministrasjon
- etablering ved busetjing og økonomisk sosialhjelp
- introduksjonsprogram, introduksjonsstønad, sysselsetjingstiltak og yrkeskvalifisering
- tolketenester
- barnehagetenester
- integreringstiltak i grunnskulen
- kultur- og ungdomstiltak
- grunnskuleopplæring for vaksne (FOV)
- utgifter i kommunal helseteneste og barnevern

## **Satsar for integreringstilskot i 2025**

- **År 1:**
- Einslege vaksne: 250 500 kr
- Vaksne\*: 202 000 kr
- Einslege mindreårige: 194 300 kr
- Barn\*: 202 000 kr
- **År 2:** 259 200 kr
- **År 3:** 184 300 kr
- **År 4:** 91 400 kr
- **År 5:** 74 800 kr

*\* Personar reknast som vaksne frå og med året dei fyller 18 år.*

## **Andre tilskot**

- **Barnehagetilskot år 1 (2025):** 28 900 kr (eingongstilskot)
- **Eldretilskot år 1 (2025):** 187 600 kr (eingongstilskot)

## Dekningsgrad

Ifølgje Teknisk berekningsutval (2024):

- kommunane fekk dekt **90,9 %** av meirutgiftene ved ordinær busetjing
- kommunane fekk dekt **107,2 %** av utgiftene til enslige mindreårige
- kommunane fekk dekt **83,1 %** av utgiftene til norsk- og samfunnskunnskap

I statsbudsjettet for 2026 er integreringstilskotet foreslått halde nominelt uendra, noko som inneber **reell underfinansiering** som aukar når kostnader og prisnivå stig.

## Ekstratilskot for personar med særlege behov

Kommunen kan søkje IMDi om ekstratilskot for personar med alvorlege helse- eller åtferdsutfordringar. Per hausten 2025:

- er 4 **søknader** under arbeid

Tilskotet kan givast i inntil fem år, i nokre tilfelle opptil ti år, og skal finansiere tiltak i:

- barnehage
- skule
- barnevern
- helsetenester

## Administrative konsekvensar

Arbeidet med busetjing og integrering er tverrfagleg og krev ressursinnsats frå:

- flyktingtenesta
- bustadkontoret
- NAV
- barnehage og grunnskule
- helsetenesta
- barnevern
- vaksenopplæringa
- kultur- og fritidstenester

Kompleksiteten aukar ved busetjing av personar med særlege behov og ved omfattande søknadsarbeid knytt til ekstratilskot.

## Integreringstilskot 2026

**Med** busetjing av 15 flyktningar i 2026 er estimert integreringstilskot til alle flyktningar i kommunen 11 553 174 (eit estimat basert på kor mange eldre, familiar, barn ein trur kjem til kommunen)

**Utan** busetjing i 2025 er tilskotet berekna til 9 290 674.

I tillegg kjem tilskot til norskopplæring og ekstratilskot for einskildpersonar med spesielle behov.

### **Introduksjonsprogrammet**

Introduksjonsprogrammet er tiltenkt personar mellom 18 - 55 år. Tidlegare var dette to år, men i samband med mottak av ukrainske flyktningar vart dette endra til 6 månader med høve til å tilby 6 nye månader. Det same for høgt utdanna flyktningar frå andre land. Erfaringa tilseier at 6 månader er altfor kort tid til å lære seg å beherske norsk godt nok til å vere aktuell på arbeidsmarknaden.

Sjølv om personar over 55 år ikkje har rett på introduksjonsprogram, har Årdal valgt å tilby også dei plass i programmet, både for å unngå sosial isolasjon, men og med tanke på at mange over 55 år har stor arbeidsevne dersom dei lærer seg språket.

### **Folkehelseperspektiv**

Å bu trygt, vere i arbeid og aktivitet, meistre språket og kulturen der ein bur, er avgjerande for trivsel og tilhøyre.

### **Miljø**

For god integrering i lokalsamfunnet er spreidd busetjing i ordinære bustader vesentleg.

### **Behov for klimatilpassing**

Ingen behov for klimatilpassing.

### **Juridisk vurdering**

Ingen juridiske konsekvensar.

### **Pro et contra**

Det er mange omsyn som må vurderast før kommunen busett flyktningar. Det gjeld både tilgjengelege bustader, arbeidsplassar, kommunale ressursar både økonomisk og kompetanse. Årdal har i fleire år busett flyktningar og har god erfaring med dette. Skal ein lukkast med dette arbeidet må flyktningane verte buande i kommunen, bli integrerte i samfunnet og komme i arbeid. Det må likevel påpeikast at dei statlege tilskotsordningane knytt til mottak av flyktningar ikkje fullt ut dekkar det ei busetjing kostar kommunane.

Landet og kommunane har likevel moralske og menneskelege forpliktingar overfor menneske som må flykte frå krig og forfølging, og eit ansvar for gje dei ein trygg opphaldsstad der dei får høve til å etablere seg på nytt og skape eit nytt tilvære.

### **Tilråding:**

Årdal kommune busetter 15 nye flyktningar i 2026.

### **29.01.2026 Utval for Levekår**

Tilråding vart teke opp til røysting.  
Samrøystes.

### **LEVEKÅR - 003/26 Vedtak**

Årdal kommune busetter 15 nye flyktningar i 2026.

## **05.02.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

### **Fskap - 005/26 Vedtak**

Årdal kommune busetter 15 nye flyktningar i 2026.

## **12.02.2026 Kommunestyret**

Tilrådinga vart teken opp til røysting.  
Røysting.  
Samrøystes

### **KST - 004/26 Vedtak**

Årdal kommune busetter 15 nye flyktningar i 2026.

| Saksnr. | Utval             | Møtedato   |
|---------|-------------------|------------|
| 004/26  | Utval for Samfunn | 29.01.2026 |
| 004/26  | Formannskapet     | 05.02.2026 |
| 005/26  | Kommunestyret     | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Stine Moen Bakken

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 24/409 -  
Ugyldig flettefelt

### Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2026

#### Saka gjeld

Rullering av handlingsdelen i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

#### Bakgrunn

Handlingsdelen i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal rullerast årleg.

Handlingsdelen dannar grunnlag for prioriteringsliste for spelemiddelsøknader.

Kommunestyret vedtok Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i KST 063/22 datert 15.12.22.

#### Drøfting

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vart vedteken i 2022. Det er nokon endringar og tilføyningar sidan den gang. Kommunedelplanen opnar ikkje for større investeringar i nye anlegg for Årdal kommune, men peikar på at det i framtida vil vere behov for rehabilitering av dei kommunale anlegga. For 2026 er det prioritert å støtte opp under tiltak frå IL Jotun, rehabilitering av kommunale bygningar, lyssetting av stiar og ny dagsturhytte på Holsbru.

#### Økonomi

Det er foreslått å legge inn kr. 1.000.000,- som forskottering av spelemidlar i investeringsbudsjettet.

#### Folkehelseperspektiv

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er eit av Årdal kommune sine viktigaste verktøy for å fremje folkehelse. Gode idretts- og aktivitetsanlegg bidrar til å skape gode og trygge aktivitetsarenaer.

#### Tilråding:

Vedlagte handlingsprogram for 2026 vert vedteke slik det ligg føre.

## **29.01.2026 Utval for Samfunn**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

### **SAMFUNN - 004/26 Vedtak**

Vedlagte handlingsprogram for 2026 vert vedteke slik det ligg føre.

## **05.02.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

### **Fskap - 004/26 Vedtak**

Vedlagte handlingsprogram for 2026 vert vedteke slik det ligg føre.

## **12.02.2026 Kommunestyret**

Tilrådinga vart teken opp til røysting.  
Røysting.  
Samrøystes.

### **KST - 005/26 Vedtak**

Vedlagt handlingsprogram for 2026 vert vedteke slik det ligg føre.

### **Vedlegg:**

Prioritert handlingsprogram for utbygging av idrett og friluftsanlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 003/26  | Formannskapet | 05.02.2026 |
| 006/26  | Kommunestyret | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Magnhild Aspevik

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 25/1395  
- Ugyldig flettefelt

### Landbruksplan ÅLA 2026-2029 – godkjenning av revidert plan

#### Saka gjeld

Administrasjonen har utarbeida revidert landbruksplan med handlingsplan for perioden 2026 – 2029. Det er tilrådd godkjenning.

#### Bakgrunn

Det ligg føre framlegg til ny *Landbruksplan ÅLA 2026-2029* med handlingsplan. I tråd med kommunen sin planstrategi har administrasjonen utarbeida revidert landbruksplan.

Utarbeiding av revidert plan starta med informasjonsmøte med innspelsrunde i mars 2025. Landbruksnæringa i ÅLA var invitert, og det møtte opp mange på møte. Det vart og halde innspelsmøte juni 2025 med godt oppmøte. Innspela er samla i vedlegg.

I samband med planarbeidet har det vore ein høyringsrunde. Det er komme innspel til tiltak frå tre av høyringspartane:

#### Lærdal bondelag:

God ordning for felles innsamling av landbruksplast

Virtuelt gjerde vil gje nye mogelegheiter til utnytting av beite både i utmark og innmark betre.

Ynskjer støtteordning.

Løye til oppstart av prosjekt når søknad om støtte er sendt inn.

#### Sogn Frukt og Grønt:

Tilskot til fornying av dekkessystem i morellproduksjon

Tilskot til fornying av vatningsanlegg

Støtteordning til satsing på bringebær og jordbær, både til auka planting og replanting

#### Lærdal sau og geit:

Mottak for felles innsamling av rundballeplast

Informasjon om bandtvang på hund

Støtte til tiltak for klimatilpassingar i jordbruket. Her vert nemnt; analyse, stimulere til

beitedyr, vatningsanlegg, legge til rette for allsidig jordbruk, tilskot til beiterydding og til gjerdehald

Matberedskap; kritiske punkt, støtte til små aggregat, jordvern og beitebruk, buplikt og drift av gardsbruk, legga til rette for lokale og sirkulære verdikjeder basert på lokale ressursar. Miljøhensyn med minst mogleg sprøytemiddel, støtte opp om Naturmangfaldplanen og stimulere til økologisk drift.

*Innspel frå møta kom det fram mellom anna fylgjande tema som bør vere med i revidert landbruksplan:*

- Auke søknadssum
- Løysingar for innsamling av landbruksplast
- Beredskap – «lys i alle hus» er og beredskap
- Samarbeidsprosjekt om ulike tema
- Møteplassar
- Fruktdyrking – nyplanting og replanting
- Driftsplanlegging
- Mentor ordning
- Oppretthalde areal og produksjon
- Løpande søknadsfristar
- Støtte til bygningar som er behov for i drifta

*Framlegg til støtteordningar som bør vera med vidare:*

- Støtte til nydyrking
- Eigedomsoverdraging – auka sum til kr 100.000
- Kjøp av mjølkekvote
- Landbruksvegar

Innspel frå møta har og fokus på nasjonale lover og reglar, og andre støtteordningar som SMIL-ordninga, dreneringsstøtte og midlar frå Innovasjon Norge. Viktig med god samhandling og informasjon om støtteordningar og søknadsfristar (årshjul).

Kapittel 8 i plandokumentet omhandlar handlingsplan som landbrukskontoret kjem til å ha fokus på i planperioden. Det er sett opp fylgjande tiltak i handlingsplanen:

1. Arealbruk – jordvern, driveplikt, nydyrking
2. Rekruttering og mobilisering til landbruksnæringa
3. Møteplassar i og med landbruksnæringa, og andre aktuelle samarbeidspartar
4. Kompetanseheving og samhandling
5. Rådgjeving og informasjon
6. Delta i, og vere ein pådrivar i ÅLA-kommunane sitt planarbeid
7. Legga til rette for klimavenlege tiltak og klimasmarte løysingar i landbruket
8. Vere pådrivar for satsing og utvikling av lokal mat og drikke – naturbasert næringsutvikling

## **Drøfting**

Kommunedirektøren meiner det er viktig for landbruksnæringa i kommunane å få ein revidert landbruksplan på plass. Revidert landbruksplan er eit godt grunnlag for vidare arbeid med kommunen si rolle i utvikling av landbruket i planperioden. Kommunedirektøren tilrår at framlegg til ny landbruksplan med handlingsplan vert godkjend.

### Vurdering av innspela:

Eigeninnsats skal følge Innovasjon Norge sin sats for landbruk. Det er hensiktsmessig at satsen vert samkøyr med den som regionale myndigheiter nyttar og tilrår at kommunane skal nytta, i forvaltning av stønadsordningar til landbruket.

Landbruksplast er ikkje spesielt omhandla i landbruksplanen, dette er ei sak som må jobbast med på fleire nivå. Kommunane kan ikkje løysa dette problemet på eigenhand, men vil sjølvsgt bidra der det er aktuelt, også med finansiering dersom det er midlar tilgjengeleg.

Landbrukskontoret har, og kjem til å ha, stort fokus på matjord. Både på å ta vare på areal som vert nytta til matproduksjon, og til å ta vare på sjølve matjorda. Dette er tema som er viktige i arealforvaltning og planarbeid.

Når det gjeld utarbeiding av ny SWOT-analyse og vurdering av endringar i landbruket, har det ikkje vorte prioritert å bruka ressursar til dette arbeidet. Det har ikkje vore store endringar for landbruksdrift dei siste åra, og kommunedirektøren meiner difor revidert landbruksplan kan godkjennast utan ny SWOT-analyse. For neste planperiode, må det vurderast om det er behov for ny analyse.

Tilskotssatsar og type tilskot er klart eit interessant og viktig tema. Det er komme innspel om endringar i type tilskot, endring i vilkår, effekt av tilskot og auking i tilskotsatsar.

Kommunedirektøren har vurdert alle desse innspela og komme fram til fylgjande:

Generelt er fleire tilskotssatsar auka. Dette meiner kommunedirektøren er rett å gjera, då det er stor kostnadsauke i landbruket til liks med resten av samfunnet. Det er likevel viktig å merka seg at det lyt vera budsjettdekning for løyving av støtte i tråd med søknaden, og at det ikkje er automatikk i å få løyvd maksimum stønad.

Sats for kjøp av *mjølkekvotar* vert auka til inntil 40%. Det er svært viktig å gjere det me kan for å stimulere og oppretthalde den mjølkeproduksjonen som pr. no er i bygdene våre. Om nokon ynskjer å utvide produksjonen, vil kommunal støtte vere eit svært viktig økonomisk bidrag. Dette gjeld og for dei som har *investeringa i driftsapparatet* som t.d. bygningar nytta i gardsdrifta. Kommunale midlar kan bety mykje for vidare drift. Dette gjeld og for støtte til *eigedomsoverdraging*. Kommunedirektøren erfara at denne tilskotsordninga er ein viktig stimuli for at nye generasjonar overtek landbrukseigedomar, som vidare er viktig for drift og busetting på gardsbruka og levande bygder. Viktig vilkår for eigedomsoverdraging er at støttemottakar sjølv skal bu- og driva eigedomen i minst 5 år. Satsen for eigedomsoverdraging er føreslege auka til kr 100.000 pr. eigedomsoverdraging.

Støtte til *nydyrking* er og ein viktig stimuli for å auka jordbruksareal. Denne ordninga vert vidareført og satsen er sett til kr 10.000 pr. dekar. For å få støtte til nydyrking skal det ligga føre godkjend plan for nydyrking, og tiltaket skal vera utført før søknad vert sendt inn.

Det grøne skifte, klima og miljø, er fletta inn i det meste. I framlegg til revidert landbruksplan, er det ikkje støtteordningar som går direkte på desse tema. Det vert likevel lagt til grunn for alle aktuelle prosjekt som kan støttast. Klima- og miljø og FN sine berekraftsmål, er tema som er viktig i det meste som har med landbruksdrift i åra som kjem. Det er tema både i samband med diverse løyve for tiltak og godkjenning av prosjekt og tiltak. Klima og miljø, har

og stort fokus i samband med nasjonale og regionale tilskotsordningar som landbruket må tilpassa seg.

Stimulering til *dyrking av frukt og bær* er svært viktig i åra framover. Det vil styrka grunnlaget for vidare drift og utvikling av Sogn Frukt og Grønt sitt anlegg i Håbakken. Innovasjon Norge er ein viktig bidragsytar til dei som ynskjer å satsa innanfor dette feltet. I tillegg vert det tilrådd at kommunane og bidreg med finansiering. Det er framlegg om å støtta dyrking av frukt og bær med inntil 40% offentlege midlar av godkjend kostnad. Innovasjon Norge legg opp til å støtta slike tiltak med inn til 35%.

I tråd med innspel og diskusjonar på innspelsmøta, er det framlegg om to nye støtteordningar – *Driftsplanlegging og rådgjeving – Mentor*. Kommunedirektøren meiner desse to ordningane kan bidra til å nå dei overordna måla som er sett i landbruksplanen, spesielt punkt med å oppretthalda talet på produsentar. Få god hjelp til å planlegga vidare drift og rett rådgjeving, kan vera avgjerande for at neste generasjon ynskjer å halda fram med gardsdrifta. Få støtte frå ein mentor, kan og vera eit bidrag for vidare drift, styrking av psykisk helse og kunnskapsformidling til nye brukarar. Det er ikkje store summar for desse to ordningane, men dei kan bety ein forskjell for bøndene.

*Beredskap* er eit tema som vert trekt fram av fleire. Det er og eit generelt tema i samfunnet vårt. Samla sett vil overordna mål i landbruksplanen bidra til å styrke beredskapen i bygdene våre, saman med dei ulike støtteordningane som er føreslege.

*Handlingsplan* i planperioden er innarbeida i plandokumentet. Kommunedirektøren meiner punkta som er sett opp her, vil vere eit godt arbeidsverktøy for Felles Landbrukskontor ÅLA i planperioden for å nå målsettinga i planen. Kommunedirektøren tilrår at føreliggande handlingsplanen vert godkjend.

### **Økonomiske konsekvensar**

Viktig krav for å få støtte til tiltak i tråd med landbruksplan, er at søkerar driv aktivt landbruk på eigedommen og har rett på produksjonstillegg.

Kommunen må ha budsjettdekning før det vert gjort løyving av tilskot. Kommunen sine reglar for bruk av kommunale midlar for søknadsfrist, søknadsskjema og utbetaling vert lagt til grunn for handsaming av søknadar i tråd med godkjend landbruksplan.

Samla sett har løyvingane til landbruket i dei tre kommunane i førre planperiode vore svært viktig for vidare drift og utvikling på einskildbruk. Summane har vore heller små, medan effekten er vurdert til å vera stor. Kommunedirektøren meiner det er viktig med ein liten auke i satsane for nokre av tiltak i ny planperiode.

Løyvde midlar i tråd med tidlegare landbruksplan, syner i kapittel 5. Alle aktuelle tabellar har fått fornya talgrunnlag.

### **Tilråding:**

1. Årdal kommune godkjenner Landbruksplan ÅLA 2026-2029, av januar 2026.

2. Kapittel 8 i planutkastet, vert godkjend som handlingsplan i planperioden.
3. *Landbruksplan ÅLA 2022-2025* vert oppheva.
4. Støtte til innsamling av landbruksplast må avklarast i kommunen sitt arbeide med miljø- og klima. Det vert ikkje innarbeida i landbruksplanen.

#### **05.02.2026 Formannskapet**

Tilråding vart teken opp til røysting.

Samrøystes.

#### **Fskap - 003/26 Vedtak**

1. Årdal kommune godkjenner Landbruksplan ÅLA 2026-2029, av januar 2026.
2. Kapittel 8 i planutkastet, vert godkjend som handlingsplan i planperioden.
3. *Landbruksplan ÅLA 2022-2025* vert oppheva.
4. Støtte til innsamling av landbruksplast må avklarast i kommunen sitt arbeide med miljø- og klima. Det vert ikkje innarbeida i landbruksplanen.

#### **12.02.2026 Kommunestyret**

Tilrådinga vart teken opp til røysting.

Røysting.

Samrøystes.

#### **KST - 006/26 Vedtak**

1. Årdal kommune godkjenner Landbruksplan ÅLA 2026-2029, av januar 2026.
2. Kapittel 8 i planutkastet, vert godkjend som handlingsplan i planperioden.
3. *Landbruksplan ÅLA 2022-2025* vert oppheva.
4. Støtte til innsamling av landbruksplast må avklarast i kommunen sitt arbeide med miljø- og klima. Det vert ikkje innarbeida i landbruksplanen.

#### **Vedlegg:**

Landbruksplan ÅLA 2026-2029 UTKAST PR 28.1.2026

Innkomne innspel til revisjon av Landbruksplan ÅLA

| Saksnr. | Utval             | Møtedato   |
|---------|-------------------|------------|
| 003/26  | Utval for Samfunn | 29.01.2026 |
| 007/26  | Formannskapet     | 05.02.2026 |
| 007/26  | Kommunestyret     | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Ellen Petrine Fretheim

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 26/121 -  
Ugyldig flettefelt

## Ombygging- riving Rådhus II

### Saka gjeld

*Kommunestyret har i Sak 035. 24.04.2025 punkt 2: Administrasjonen skal leggja fram sak som belyser følgande;*

- *Kostnader og konsekvensar med å riva rådhus 2.*
- *Det skal leggjast fram eit estimat som syner nedbetaling og nedbetalingstid for rivekostnader basert på dagens totale årlege kostnader for rådhus 2.*
- *Ein skal sjå på alternative løysningar for dagens brukarar av bygget.*
- *Ein skal sjå på alternative løysningar for framtidig bruk av tomten*

### Bakgrunn

Årdal kommune (ÅK) eige Rådhus II. Bygget er 1950 m<sup>2</sup> og består av leilegheiter, kontorlokale, og tidlegare legekontor. Rådhus 2 vart oppført i 1972 og har eit bruttoareal (BTA) på 1 920 m<sup>2</sup> fordelt på fire etasjar. Bygget ligg sentralt i sentrum på Årdalstangen. Bygget har sidan oppføringa hatt avgrensa oppgraderingar. Det er gjennomført noko ombygging i 1. og 2. etasje, hovudsakleg overflatearbeid, men dei tekniske anlegga er i hovudsak frå byggjeåret. Rådhus 2 framstår i dag med stort vedlikehaldsetterslep og låg teknisk standard. Det er trong for omfattande tiltak dersom bygget skal kunne driftast vidare på ein trygg og effektiv måte.

Dei seinare åra har kun 1 etg våre i permanent bruk. Der er det kontor for Kyrkja den Norske, samt ÅK. I 2025 har ein pussa opp eit område i fyrste etasje for Frivilligsentral på Årdalstangen. Helse har no i 2025 teke i bruk ein til to leilegheita i 3 etg.

Det har og våre fleire forsøk på å gjera om 2 og 3 etg til nye leilegheita. Det siste prisoverslaget vart utarbeida hausten 2023. Den viser at det vil kosta 6.875.800 eks mva. Der var det forutsett at det kunn var snakk om oppussing av 3.etg og at dette ikkje blir noko søknadspliktig arbeid.

## **Teknisk tilstand på bygget (sjå vedlagt rapport)**

### **Grunn og konstruksjon**

- Drenering: Frå byggjeår, ukjent utføring. Det er registrert noko saltutslag på delar av grunnmur i underetasje, som tyder på fuktinnsig.
- Fundament og bærekonstruksjon: Plasstøypet betong. Framstår stabil, men med synlege aldringsteikn.
- Ytterveggar: Betongkonstruksjon med utvendig isolering og kledning av tegl eller plater (ukjent platemateriale).

### **Utvendige bygningsdelar**

- Vindauge og dører: I hovudsak frå byggjeår. 2-lags glas i måla trekarm, noko aluminiumsdører. Mange vindauge har dårleg tetting og redusert isolasjonseffekt.
- Tak: Flatt tak med folie (over 20 år gammal), innvendige nedløp. Behov for omtekking.
- Balkongar/terrassar: Utført i betong, registrert lekkasjar og flassing av måling.
- Fasadetilstand: Ujamn, med sprekkdanningar og synlege fuktskadar.

### **Innvendige forhold**

- Etasjeskilje: Betong. Varierende høgde mellom delar av etasjar.
- Overflater: Slitne belegg og måla flater. Dels nedfora himlingar med varierende etasjehøgde.
- Innvendige dører og trapper: Varierende utføring frå ulike byggefaser. Trapp i betong.
- Heis

### **Tekniske anlegg**

- Sanitær: Enkelt anlegg frå byggjeår.
- Ventilasjon: Delvis balansert i kjellar og 1. etasje, elles avtrekk.
- Elektrisk anlegg: Gamalt, med standard frå byggjeår.
- Oppvarming: Elektrisk, utan energieffektive løysingar.

### **Samla tilstandsvurdering**

- Rådhus 2 er eit bygg med teknisk standard frå tidleg 1970-tal. Alle hovudsystem (elektrisk, ventilasjon, sanitær, tak og fasade) er nær eller over teknisk levetidsslutt. Det vil krevje ei full teknisk og bygningsmessig rehabilitering for å tilfredsstille dagens krav til HMT, energi og inneklimate.

Vi har forsøkt å kartleggja utleigeprisar for kontorlokale i kommunen, men har foreløpig ikkje funne gode svar på dette. I dialog med ÅBBL seier Line Moen at det også for dei er vanskeleg å gje opp ein pris då variasjonane i Årdal er store. 1.000,- kroner pr kvadratmeter i året er i følgje ÅBBL ei rimeleg leige, men det kan finnast rimelegare alternativ avhengig av plassering og tilstand.

Ei låg leige, mellom 500,- og 1.000,- kroner pr kvadratmeter vil medføre ein kostnad på 200.000,- til 400.000,- kroner i året. I mange tilfelle vil straum og andre kostnader koma i tillegg.

## **Alternative løysingar for framtidig bruk av tomta**

Tomta ligg i sentrum, men har lite ubygd areal utanom bygningsfotavtrykket. Aktuelle alternativ for framtidig bruk:

- Nytt administrasjonsbygg
- Offentleg føremål
- Utvikling eller sal

## **Drøfting**

### **Alternative løysingar for dagens brukarar**

ÅK må finna erstatningslokale for kyrkja, eigne tilsette og frivilligsentral. Dersom dette ikkje let seg gjere innafor kommunen sin eigen bygningsmasse, vil dette medføre betydelege kostnader.

ÅK sitt ansvar for kontorphonale for kyrkja går fram av *Kyrkjelova § 15, pkt. d) og f.)*. Kyrkja seie dei har eit estimert behov for ca 170 m<sup>2</sup> areal. Kontor til Prest, kyrkjevevje, konsulent, kateket, organist/andre. I tillegg har dei i dag møterom kombinert med pauserom/kjøkkenkrok, kopirom, lager/arkiv, toalett.

Når det gjeld Kyrkja bør ein sjå på mogelegheit til å bygga på Kyrkjelydshuset og flytta kyrkjekontoret dit. Men dette vil kosta ÅK og kyrkja ein del. Sist ein bygde noko på Kyrkjelydshuset var i 2018-2019. I KS 041/18 vedtok ÅK å føra opp eit tilbygg til Kyrkjelydshuset på Årdalstangen. I vedtaket står at det skal oppførast eit tilbygg over 3 etasjar innehaldande heis, trapp, teknisk rom og toalett (alternativ 2). I tillegg ønskte ein å riva dei eksisterande trappene i huset (opsjon). Dette kom på ein samla kostnad på kr 4.328.402,78. Skal ein bygga på i dag vil det nok bli ein vesentleg høgare pris. Med dagens prisar vil dette innebera ei betydeleg investering, og i dagens situasjon er dette truleg lite aktuelt for ÅK.

ÅK har og kontor i rådhus 2 det gjeld for Hovudtillitsvalt, reinhaldsleiar og ein kontorplass for landbruk. Det er og pussa opp eit område som er den nye frivilligsentralen på Årdalstangen. Viss ein da legg til grunn pris som ÅBBL har estimert så kan ein sei at for 4 stk kontor a 40 m<sup>2</sup> til saman, pluss frivilligsentral på 50-60 m<sup>2</sup> med noko fellesareal så er ein kanskje opp i 100 m<sup>2</sup>. Dette vil da kosta kommunen ca 100.000,- kr i året.

Det er ledige kontorplassar som Sogn Sparebank eig i den nye fløyen på kommunehuset mot banken. Der er det plass til nokon. ÅK har våre i kontakt med banken, men har ikkje fått noko svar på kva det vil kosta å leiga kontor, og om ein eventuelt i det heile kan leiga kontor der.

ÅK valde å seia opp alle leigetakarane i Rådhus II for få år sidan med grunngjevinga at bygget skulle seljast. Husleigene for forretningslokalet i fyrste etasje og dei 6 bustadene i tredje etasje kunne potensielt ha dekt driftskostnadene for bygningen åleine.

Det er no teke i bruk fleire leilegheiter i bygget slik dei står. Det er ikkje gjort noko oppgradering av desse. Dei som evt har blitt flytta inn i bygget må få tildelt kommunal bustad ein anna plass.

## Økonomi

### Dagens driftskostnader

Kommunen sine rekneskapstal syner følgjande driftskostnader for Rådhus 2:

- 2023: kr 456 000
- 2024: kr 352 000 (171) kr 124 000 (172) = **476 000**

Dette inkluderer straum, reinhald, kommunale avgifter, driftstekniske tenester og enklare vedlikehald.

Med byggets alder og tekniske tilstand er det realistisk å rekne med eit framtidig nivå på 500 000 kr + per år.

### Rivekostnad og nedbetalingstid

Eit raskt overslag frå AF Decom (2025) tilseier ein kostnad på om lag 2,5 millionar kroner, føreset at bygget består av «reine» rivingsmaterialar. Sidan dette er lite truleg, grunna mogleg førekomst av ureine massar (asbest, PCB, bly m.m.), kan ein stipulere rivekostnaden til: kr 2,5 – 3,5 millionar

Med utgangspunkt i årlege driftskostnader på 0,4–0,5 millionar kroner, vil dette gje ein nedbetalingstid slik:

- 2,5 mill. / 0,5 mill. = 5 år
- 3,5 mill. / 0,4 mill. = 8–9 år

Nedbetalingstid: mellom 5 og 9 år avhengig av endeleg rivekostnad og driftsnivå framover.

## Miljø

### Energi og miljø

- Bygget har høgt energiforbruk og manglar moderne energiltak.
- Miljøkartlegging ikkje utført, men det er sannsynleg førekomst av asbest, PCB og blymaling.
- Miljøsanering må påreknast ved eventuell riving.

### Pro et contra

- Riving vil fjerne årlege driftskostnader på 400–500 000 kr.
- Bygget krev store investeringar for vidare drift.
- Kostnaden ved riving er moderat og kan reknast inn på under 10 år.
- Riving vil frigjere tomte til andre føremål.
- Riving vil ta bort eit mogleg inntekspotensiale som ein har i dag
- Riving vil medføre store meirkostnader til etablering/leige av alternative lokale
- Riving kan medføre eit «tomt hol» i sentrum med innsyn til ein lite innbydande bakgard

### Tilråding:

1. Det må gjennomførast detaljert miljøkartlegging for å fastslå mengda ureine massar og avklare endeleg rivekostnad.
2. Det må lagast endeleg plan for mellombelse kontorløyisingar for brukarar av bygget før ein bestemmer seg for å rive bygget.

3. Dei som bur i leiligheiter i bygget må få tildelt nye kommunale leiligheiter.
4. Nytt kommunalt bygg, offentleg føremål eller sal.
5. Det må lagast ein strategisk vurdering av tomtebruk før riving.

### **29.01.2026 Utval for Samfunn**

Tilråding vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

#### **SAMFUNN - 003/26 Vedtak**

1. Det må gjennomførast detaljert miljøkartlegging for å fastslå mengda ureine massar og avklare endeleg rivekostnad.
2. Det må lagast endeleg plan for mellombelse kontorløysingar for brukarar av bygget før ein bestemmer seg for å rive bygget.
3. Dei som bur i leiligheiter i bygget må få tildelt nye kommunale leiligheiter.
4. Nytt kommunalt bygg, offentleg føremål eller sal.
5. Det må lagast ein strategisk vurdering av tomtebruk før riving.

### **05.02.2026 Formannskapet**

Ny tilråding, foreslått av Anne Kauppi, Arbeiderpartiet

1. Formannskapet tilrår at arbeidet med å vurdere riving av Rådhus II vert avslutta
2. Formannskapet ber om at kommunedirektør arbeidar for å auke aktivitet i bygget.
3. Løypemelding til utval samfunn og formannskap seinast i siste møte før sommarferie 2026

Framlegg frå Anne Kauppi, AP om ny tilråding.

Tilråding frå utval Samfunn vart teken opp til røysting mot ny tilråding frå Anne Kauppi, AP.  
Røysting.

Tilråding frå utval Samfunn falt mot 7 røyster.

#### **Fskap - 007/26 Vedtak**

1. Formannskapet tilrår at arbeidet med å vurdere riving av Rådhus II vert avslutta
2. Formannskapet ber om at kommunedirektør arbeidar for å auke aktivitet i bygget.
3. Løypemelding til utval samfunn og formannskap seinast i siste møte før sommarferie 2026

### **12.02.2026 Kommunestyret**

Årdal Høgre, foreslått av Bjørn Thomas Haugen, Høgre

1. Kommunestyret tilrår at arbeidet med riving av Rådhus II vert utsatt i 6 månadar i påvente av at administrasjonen forsøker å avhenda bygget.
2. Dersom bygget ikkje er avhenda innan den tid, skal ein gjennomføra ei miljøkartlegging av bygget.
3. Når kartlegginga er gjennomført, legg administrasjonen saka fram på nytt, kommunestyret skal fatta endeleg beslutning for bygget og brukarar.

Bjørn Thomas Haugen, H fremja ny tilråding.

Gruppemøte.

Tilråding frå formannskapet vart teken opp til røysting mot ny tilråding frå Bjørn Thomas Haugen, H.

Røysting.

Tilråding frå formannskapet vart vedteke mot 6 røyster (Høgre).

**KST - 007/26 Vedtak**

1. Formannskapet tilrår at arbeidet med å vurdere riving av Rådhus II vert avslutta
2. Formannskapet ber om at kommunedirektør arbeidar for å auke aktivitet i bygget.
3. Løypemelding til utval samfunn og formannskap seinast i siste møte før sommarferie 2026

| Saksnr. | Utval                  | Møtedato   |
|---------|------------------------|------------|
| 004/26  | Administrasjonsutvalet | 04.02.2026 |
| 008/26  | Kommunestyret          | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Elin Heen

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 25/1841  
- Ugyldig flettefelt

### Reglement for Administrasjonsutvalet i Årdal kommune

#### Saka gjeld

Det er utarbeida framlegg til reglement for Administrasjonsutvalet i Årdal kommune

#### Bakgrunn

Reglement for folkevalde 2025 - 2028 vart vedteke i kommunestyret 12. desember 2025, ksak 098/24. I reglementet vert Administrasjonsutvalet omtala på side 33.

Det er behov for å utdjupe utvalet si rolle og arbeidsområde noko nærare, difor vert det utarbeida eige reglement som supplement til det som står skrive i reglement for folkevalde.

#### Drøfting

Administrasjonsutvalet har på kommunestyret sine vegner det politiske ansvaret for kommunen sin overordna personalpolitikk og den administrative organisasjonsutviklinga i kommunen. Dei handsamar permisjonar som fell utanom regelverket, tolking av avtalar og utarbeiding av retningslinjer for dei tilsette.

Administrasjonsutvalet sine møte skal til vanleg vera opne. Enkelte saker vert likevel å handsama for lukka dører. Det gjeld når lov eller forskrift krev det, eller når saka er av ein slik karakter at utvalet vedtek å handsama saka for stengde dører. Administrasjonsutvalet har møte i samsvar med møteplan, eller når leiar (ordføraren) eller eit fleirtal av utvalet sine medlemmer krev det

Administrasjonsutvalet har seks medlemmer - fire frå arbeidsgjevarsida og to frå arbeidstakarsida. Kommunestyret peikar ut kommunen sine representantar (arbeidsgjevarsida) og leiar og nestleiar i utvalet blant desse. Arbeidstakarsida vel sine representantar etter reglane i lov, forskrifter og avtaleverk som er bindande for kommunen. Sekretariat Kommunedirektøren har ansvaret for at sekretariatsfunksjonen blir utført tilfredsstillande

#### Tilråding:

Retningslinjer for Administrasjonsutvalet vert vedteke slik dei ligg føre.

#### **04.02.2026 Administrasjonsutvalet**

Tilråding med endringar vart teken opp til røysting.  
Samrøystes.

#### **ADU - 004/26 Vedtak**

Retningslinjer for Administrasjonsutvalet vert vedteke med dei endringar som kom fram i møte.

#### **12.02.2026 Kommunestyret**

Tilrådinga vart teken opp til røysting.  
Røysting.  
Samrøystes.

#### **KST - 008/26 Vedtak**

Retningslinjer for Administrasjonsutvalet vert vedteke slik dei ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Reglment for Administrasjonsutvalet i Årdal kommune - framlegg

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 009/26  | Kommunestyret | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 23/1304  
- Ugyldig flettefelt

### Suppleringsval - styre i Årdal Energi Holding AS

#### Saka gjeld

Suppleringsval til styret i Årdal Energi Holding AS.

#### Bakgrunn

I Ksak 075/25 vart det valt nytt styre til Årdal Energi Holding AS.

Frå 1. januar 2024 er det innført trinnvise lovkrav om kjønnsbalanse i styret for større og mellomstore aksjeselskaper (AS) i Noreg, med mål om minst 40 % representasjon av kvart kjønn.

I perioden 2024 til 2028 blir det trinnvis innført krav om kjønnsbalanse i styra til mellomstore og store aksjeselskap. Verksemdar med under 50 mill. kroner i omsetning og færre enn 30 årsverk blir unnatekne.

#### Krav etter storleik på styret:

- 1–2 medlemmar: Ingen krav
- 3 medlemmar: Minst 1 av kvart kjønn
- 4–5 medlemmar: Minst 2 av kvart kjønn
- 6–8 medlemmar: Minst 3 av kvart kjønn
- 9 eller fleire: Minst 40 % av kvart kjønn

#### Tidsplan for når krava gjeld:

- Allereie gjeldande: Omsetning >100 mill. i 2024 eller 50 tilsette (31.12.2024)
- Seinast 30.06.2026: Fleire enn 30 tilsette (31.12.2025)
- Seinast 30.06.2027: Omsetning >70 mill. i 2026
- Seinast 30.06.2028: Omsetning >50 mill. i 2027

I samband med gjennomføring av valet, vart det ikkje teke omsyn til kjønnsbalanse ved val av varamedlemer til styret og det er derfor behov for å ta saka opp igjen.

I møtet 18. desember Ksak 075/25 vart det gjort følgjande val:

**Styret i Årdal Energi Holding AS 2026 - 2027:**

Styreleiar: Egon Moen med personleg vara Jan Inge Buene

Nestleiar: Kirsti Eklund med personleg vara Bodil Selland Nordnes

Medlem: Tor Erik Sveen med personleg vara Rune Blikken

Medlem: Trude Klingenberg med personleg vara Bjørn Thomas Haugen

**Tilråding:**

Valnemnda legg fram forslag i møtet.

**12.02.2026 Kommunestyret**

Leiar for valnemnda, Marie Helene Hollevik Brandsdal (AP) fremja forslag om Amarilys Jimenez som ny personleg vara for Trude Klingenberg, H.

Tilråding vart teken opp til røysting.

Røysting.

Samrøystes.

**KST - 009/26 Vedtak**

Ny personleg vara for Trude Klingenberg, H er Amarilys Jimenez.

**Styret i Årdal Energi Holding AS 2026 - 2027:**

Styreleiar: Egon Moen med personleg vara Jan Inge Buene

Nestleiar: Kirsti Eklund med personleg vara Bodil Selland Nordnes

Medlem: Tor Erik Sveen med personleg vara Rune Blikken

Medlem: Trude Klingenberg med personleg vara Amarilys Jimenez

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 010/26  | Kommunestyret | 12.02.2026 |

**Sakshandsamar:** Laila Irene Røneid

**Arkiv:**

**Arkivsak:** 23/1981  
- Ugyldig flettefelt

### KS debatthefte 2026, Tid for taktskifte - uttale frå Årdal kommune

#### Saka gjeld

Uttale til Debatthefte 2026, *Tid for taktskifte*.

#### Bakgrunn

Kommunesektorens organisasjon KS sender kvart år ut debattheftet til kommunar og fylkeskommunar. Det er ein invitasjon til å gje innspel på aktuelle strategiske spørsmål som skal vere med å utvikle ny politikk eller setje dagsorden.

KS ønskjer no innspel til årets debatthefte «Debatthefte 2026. Tid for taktskifte». Kommunedirektøren legg i denne saka fram problemstillingane i debattheftet til politisk handsaming. Svara på spørsmåla KS stiller, og diskusjonane i etterkant på strategikonferansane og i KS sine fylkesmøter og fylkesstyre, blir avgjerande for KS sine prioriteringar og arbeid framover.

Svarfrist er innan utgangen av torsdag 19. februar 2026.

Saka om debatthefte er ei sak som kommunestyret sjølv eig. Debatthefte bør lesast i sin heilskap og er lagt ved saka.

I forkant av saksførebuing vart det sendt ut skjema til kommunestyret for å kunne gje innspel til debatthefte. Det er kome eitt innspel som ligg som vedlegg til saka.

#### Drøfting

Årets debatthefte 2026 «Tid for taktskifte» tek opp to tema: *Taktskifte for berekraftig velferd og taktskifte for skjerpa beredskap*. Kva kommunesektoren sjølv må gjere for å få til eit taktskifte for berekraftig velferd og for skjerpa beredskap. Bakgrunnen er det framleis aukande forventningsgapet og dei store og drastiske endringane i verda og i Noreg.

Kommunesektoren står overfor store utfordringar som krev rask omstilling og tydelege politiske prioriteringar. Dette debattheftet handlar om kva kommunar og fylkeskommunar sjølv kan og bør gjere no for å redusere forventningsgapet og møte dei store og dramatiske tryggleikspolitiske endringane i verda og i Noreg.

### **Taktskifte for berekraftig velferd**

Kommunesektoren står overfor store og aukande utfordringar knytt til befolkningsutvikling, arbeidskraft og økonomi. Talet på eldre doblast innan 2050. Dette fører med seg utfordringar knytt til økonomi og tilgang på arbeidskraft. Det blir avgjerande å prioritere, mobilisere innbyggjarane sine ressursar og bruke tilgjengeleg arbeidskraft mest mogleg effektivt, for å sikre innbyggjarane sin tillit til eit berekraftig velferdssamfunn også i framtida. Regjeringa har sett ned Kommunekommisjonen og Helsereformutvalet, som skal komme med forslag til endringar i rammevilkåra for velferda.

For å møte utfordringane må endringstakta aukast:

- Planleggje og førebyggje betre, slik at innbyggjarane kan bu heime lenger og leve friske liv, til dømes gjennom tilrettelegging for bustader og bumiljø nære tenestene.
- Godt samarbeid i kommunar og fylkeskommunar mellom folkevalde og administrasjon, og godt partssamarbeid.
- Godt samarbeid med lokalsamfunna for å sikre at tiltak vert treffsikre og auke forståinga for naudsynte endringar.
- Digitalisering, innovasjon og forsøk, for å skape berekraftige tenester.
- På sjølvstendig grunnlag vurdere tettare samarbeid og om det er meir føremålstenleg å slå seg saman med andre for å styrke fagmiljø og rekruttering.
- Effektivisere og prioritere tenestetilbodet i takt med befolkningsutviklinga.

Nok arbeidskraft og rett bruk av tilsette si kompetanse er avgjerande for berekraftig velferd.

For å mobilisere meir arbeidskraft er løysingane å inkludere fleire i arbeidslivet, redusere sjukefråværet, forlenge yrkeslivet og organisere arbeidet på nye måtar. I tillegg er det mykje å hente frå å mobilisere innbyggjarane sine eigne ressursar.

Kommunane har i aukande grad teke i bruk fleksible arbeidstidsordningar som langvakter og årsturnus for å sikre stabile tenester og møte behova til dagens arbeidstakarar. Langvakter, ofte brukt i helger, gir meir stabil bemanning, lågare sjukefråvær og betre arbeidsmiljø.

Årsturnus gir føreseielege arbeidsplanar og betre oversikt over ressursbruken.

### **KS spør:**

1. *Kva må me gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?*
2. *Korleis kan me i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra bruke og mobilisere den arbeidskrafta me har best mogleg for å løyse samfunnsoppdraget vårt?*

### **Taktskifte for skjerpa beredskap**

Den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa er meir alvorleg enn på lenge, og kommunar og fylkeskommunar har ei sentral rolle som førsteline i totalforsvaret. Hackerangrep, påverkingsaksjonar, klimaendringar og geopolitisk truslar stiller nye krav til beredskap og krisehandtering.

Stortinget har handsama totalberedskapsmeldinga, som understrekar kommunane sitt ansvar for grunnberedskap og fylkeskommunane si koordinerande rolle, som byggjer på NATOs sju grunnleggjande forventingar til samfunnets motstandskraft. Kommunane skal sikre kontinuitet i kritiske tenester, robust kraftforsyning, mat- og vassforsyning, evakuering og transport, sivile kommunikasjonssystem og helsetenester – også i kriser og krig.

For å skjerpe beredskapen kan dette vere aktuelle tiltak for kommunane og fylkeskommunane:

- Samarbeide tettare lokalt. Kommunale beredskapsråd og samarbeid med frivillige, næringsliv, politi og andre aktørar styrker evna til å førebyggje og handtere kriser, og gir betre koordinering av ressursar.
- Rekruttere arbeidskraft. Ved krise eller krig kan staten beordre innbyggjarar til sivilt arbeid, men lova avklarar ikkje kommunane sitt behov for personell til å ivareta kritiske tenester.
- Styrke befolkninga si demokratiske motstandskraft. Tillit til styresmakter og lokalsamfunn og kjeldekritisk tenking er ein viktig beredskapsressurs mot digitale påverkingsaksjonar og undergraving av demokratiet.
- Styrke eigenberedskapen i lokalsamfunnet. DSB tilrår at innbyggjarar skal klare seg minst ei veke utan straum og vatn. Kommunar kan styrke beredskapen med å etablere alternative løysingar for drikkevatt, mat, oppvarming og lokale beredskapslager.
- Styrke den digitale tryggleiken og beredskapen. Kommunen bør sikre digitale løysingar som er robuste mot dataangrep og beredskap for handtering av alvorlege driftsavbrot.
- Øve sjølv og saman med andre. Felles øvingar med eksterne aktørar gir betre beredskap og aukar samhandlinga i krisesituasjonar.

**KS spør:** *Kva må me prioritere i vår kommune/fylkeskommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?*

**Tilråding:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå administrasjon.

**12.02.2026 Kommunestyret**

Det skal lagast eit høyringssvar med bakgrunn i framlegget til AP (Anne Kauppi). Framlegget vart røysta over med spissing av kulepunkt to på spørsmål to frå Knut Arne Klingenberg (H). Samrøystes.

**KST - 010/26 Vedtak**

KS sitt debattheft for 2026 ber oss om ein hovudbodskap: Me må få til eit taktskifte. Det handlar både om berekraftig velferd og skjerpa beredskap. Og det handlar om kva me som kommune sjølve må gjere no, ikkje berre kva me ønskjer oss frå staten.

**På det første spørsmålet: Kva må me gjere dei neste to åra for å auke endringstakta for berekraftig velferd?**

1. Me må bli betre på å planleggje og førebyggje, slik at fleire kan bu trygt heime lenger. Det krev at me jobbar smartere på tvers og tør å endre tenester før me får krise.
2. Me må styrke samarbeidet mellom kommunane i Sogn – dette inkluderar både administrasjon og politikk, og alle lokalsamfunna. Store endringar krev tillit, tydeleg retning og god forankring.

3. Me må satse meir offensivt på digitalisering, innovasjon og forsøk, slik KS peikar på. Da må me teste ut nye måtar å løyse oppgåver på, og faktisk ta dei i bruk/drift når dei fungerer.

**På det andre spørsmålet: Korleis kan me mobilisere arbeidskrafta me har best mogleg dei neste to åra?**

Her er det ingen veg utanom: Me må bruke kompetansen meir rett og få fleire med. Det betyr at me må jobbe systematisk for å:

- inkludere fleire som står utanfor arbeid
- redusere sjukefråvær
  - sjå på moglege eksisterande og nye arbeidstidsordningar
- organisere arbeidet på nye måtar
- og legge til rette for at fleire kan stå lenger i jobb

Og me må vere ærlege om at me ikkje kjem til å løyse framtida med berre “meir av det same”. Arbeidskrafta er avgrensa. Då må me prioritere hardare og bruke folk der kompetansen deira faktisk trengst.

**På det tredje spørsmålet: Kva må me prioritere for å styrke beredskapsevna i Årdal, både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?**

1. Oppdatert og realistisk ROS og beredskapsplanar, og øve meir.
2. Sterkare lokalt samarbeid gjennom beredskapsråd, saman med frivillige, næringsliv og nødetatar.
3. Styrka digital tryggleik, fordi dataangrep no er ein reell del av trusselbiletet.
4. Meir fokus på eigenberedskap i befolkninga, slik KS og DSB peikar på, slik at lokalsamfunnet står stødigare når noko skjer.

**Vedlegg:**

KS-debatthefte-2026

debatthefte tariff 2026 - innspel frå skjema til kommunestyret

| Saksnr. | Utal          | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 011/26  | Kommunestyret | 12.02.2026 |

Sakshandsamar:

Arkiv:

Arkivsak: -

### Interpellasjon - vertskommuneavtale barnevern

*Til ordfører/kommunestyret*

#### Ny behandling av Vertskommunesamarbeid om barnevern i Sogn

Bakgrunn:

Kommunestyret behandla sak om «Vertskommunesamarbeid om barnevern i Sogn» i kommunestyret 18. desember 2025 i K-sak 073/25.

*Eg meiner at det etter dette har kome fram nye opplysningar eller endringar i føresetnadene som tilseier at saka bør takast opp til ny behandling.*

#### Grunngjeving:

Sogndal kommune gjorde endringar i framlegg ved behandling av vertskommunesamarbeid om barnevern i Sogn.

*Vedtak i Sogndal 18. desember 2025:*

- 1. Sogndal kommune ynskjer at arbeidet skal halde fram med samarbeidsavtale om felles barnevernteneste, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.*
- 2. Før det er mogleg å fatta eit endeleg vedtak om å etablere den nye organisasjonen, ber kommunestyret om at saka vert utgreidd grundigare.*
- 3. I ei vidare utgreiing er det særleg viktig å gjennomføre ein ROS-analyse. Som ein del av den må det vurderast eventuelle risikoar knytt til at det synest å vera sterk motstand i delar av personellgruppa.*

Det er grunn til å stille spørsmål ved om det er tilstrekkeleg modent for eit slikt samarbeid, og om det er nok tillit mellom partane til å gå inn i eit samarbeid no.

ROS-analysen peikar på risiko for uro og auka turnover i tenesta. Eitt av dei risikoreduserande tiltaka som vert løfta fram, er kjøp av tenester ved behov. Dette reiser spørsmål om kva økonomiske konsekvensar eit slikt tiltak vil få for kommunane, og om dette i realiteten kan svekkje dei venta gevinstane ved samarbeidet.

Sogndal har behandla saka på nytt og fatta nytt vedtak 05.02.26.

<https://prod01.elementscloud.no/publikum/922121893/DmbMeeting/610>

På denne bakgrunnen meiner eg at Årdal kommune òg bør ta saka opp til ny behandling, slik at ein kan gjere ei heilskapleg vurdering i lys av den oppdaterte dokumentasjonen og vedtaket i Sogndal.

**Eg ber om at kommunestyret tek saka opp til ny behandling og der ein ber kommunedirektøren leggje fram ei oppdatert vurdering og eventuelt nytt framlegg til vedtak.**

Årdalstangen 11.02.2026

Line Hillestad

### **12.02.2026 Kommunestyret**

*Framlegg frå Line Hillestad (AP) om at kommunestyret tek saka opp til ny behandling og der ein ber kommunedirektøren leggje fram ei oppdatert vurdering og eventuelt nytt framlegg til vedtak.*

Røysting.

Framlegget vart vedteke med 8 røyster (2 Høgre, 6 Arbeiderpartiet)

### **KST - 011/26 Vedtak**

*"Vertskommunesamarbeid om barnevern i Sogn» (K-sak 073/25) skal takast opp til ny behandling og ein ber kommunedirektøren leggje fram ei oppdatert vurdering og eventuelt nytt framlegg til vedtak.*